



NYTT
FRÅ
**INSTITUTT
FOR
INFORMATIKK**



Nr. 14 23. MAI 2007

Etter eit opphald er II-NYTT attende.

Innhald

Instituttseminar 31.5
Ledige stillingar på instituttet
Om frie prosjekt frå NFR
Litt doktorgradsstatistikk

frå Google.

Instituttseminar 31.5

På instituttseminaret torsdag 31.5 får vi eit spanande føredrag av **Jan Arne Telle**, professor ved instituttet

Tittel: **Assembly of DNA sequences in the presence of false negatives: an efficient graph theory-based algorithm.**

PS. Det blir ikkje instituttseminar 24.5 sidan fagutvalet har fått låna auditoriet til bedriftsbesøk



Ledige stillingar

Følgjande stillingar er ledige ved instituttet:

Førsteamanuensis (innan optimering, sikker kommunikasjon eller visualisering). Søknadsfrist 15. juni.

Tre universitetsstipendiatar i bioinformatikk. Søknadsfrist 10. juni.

To universitetsstipendiatar i visualisering. Søknadsfrist 10. juni.

For meir informasjon, sjå: <http://www.ii.uib.no/nyheter/stilling/>

Om frie prosjekt i NFR

Midler til frittstående prosjekter for 2008 er utlyst:

<http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=GenerellArtikkel&cid=1177351331288&p=1138650410986&pagename=ForskningsradetNorsk%2FGenerellArtikkel%2FVisMedHovedtilhorighet>

Søknadsfristen er 6. juni 2007 kl. 18.00.

Søkere bes merke seg følgende sentrale nyheter ved årets utlysning av frittstående prosjekter:

Det er bare tillatt å sende inn én søknad til frittstående prosjekter (dvs. bare til én fagkomité) pr. prosjektleder for 2008. Søknader om forskerprosjekter skal ha en budsjette ramme på minimum 1 mill. kroner (dvs. søkt beløp fra Forskningsrådet) i gjennomsnitt pr år i prosjektperioden, og maksimal budsjette ramme er 3 mill. kroner i gjennomsnitt pr. år. For søknader om personlig postdoktorstipend kan det ved søknadsfristens utløp 6.6.2007 ikke ha gått mer enn fem år siden avlagt doktorgrad (disputas). Hvis søker har avviklet lovbestemte permisjoner i perioden mellom disputas og søknadsfrist, skal permisjonstiden ikke regnes med.

For å stimulere til utenlandsopphold for doktorgrads- og postdoktorstipendiater som har finansiering under frittstående prosjekter i Divisjon for vitenskap, vil det bli innført forenklet behandlingsprosedyre og løpende søknadsfrist for personlig utenlandsstipend. Nærmere informasjon kommer på Forskningsrådets nettsider i mai 2007.

Totalt er det sju ulike utlysninger av midler til frittstående prosjekter som til sammen dekker alle fag og disipliner: FRIBIO, FRIHUM, FRIMED, FRIMUF, FRINAT, FRISAM, FRITEK. Søk fram detaljert utlysningstekst for de ulike fagområdene under ”Finn utlysninger”.

Litt doktorgradsstatistikk

NIFU-STEP har gjort ei undersøkning av stipendiatane som starta doktorgradstudiet 1990-94: http://www.nifustep.no/norsk/publikasjoner/noen_er_innom_faa_blir_enkelte_naar_til_topps M.a. viste undersøkninga at berre to av tre har gjennomført studiet. For realfag var det ein litt større del, 72%. Eg har sett på stipendiatane ved informatikk i perioden 1981 (då fyrste dr. scient vart tatt opp) til 2002 (ingen av dei som er tatt opp i 2003 eller seinare har disputert enno).

I alt har det vore tatt opp 82 studentar til doktorgradsstudiet i perioden 1981-2002. Dette inkluderer to studentar som aldri byrja på studiet (ein i PUT og ein i kodeteori; dei er likevel med i statistikken).

Tabell over opptak (og gjennomføring) fordelt på periodar og faggrupper:

	Alg.	Bio.	Num.	Opt.	PUT	Kode/kr.	Anna	Sum	%fullført
1981-84			2(2)	1(1)	2(1)			5(4)	80
1985-89	2(2)		7(5)	2(2)	3(1)	2(2)	1(1)	17(13)	76
1990-94	1(1)	3(2)	4(2)	1(1)	4(2)	4(4)	2(2)	19(14)	74
1995-99	1(1)	1(1)	8(6)	6(5)	3(3)	3(2)		22(18)	82
2000-02	2(2)	3(3)	2(2)	2(2)	4(2)	6(6)		19(17)	89
SUM	6(6)	7(6)	23(17)	12(11)	16(9)	15(14)	3(3)	82(66)	80

Vi ser at vår gjennomføring for 1990-94 var 74% mot 72% på landsbasis for realfag. Vi ser og at perioden 1990-94 var vår dårlegaste for gjennomføring og at gjennomføringa har auka kraftig 10 år seinare.

Det kan og vera av interesse å sjå på eventuelle skilnader mellom kvinner og menn og mellom dei som har hovudfag frå instituttet ("interne") og dei som kjem utanfrå ("eksterne"). Prosent gjeld gjennomføring.

	Kvinner		Menn		Interne		Eksterne	
1981-84	-	-	5(4)	80%	5(4)	80%	-	-
1985-89	1(1)	100%	16(12)	75%	13(11)	85%	4(2)	50%
1990-94	5(4)	80%	14(10)	71%	11(10)	91%	8(4)	50%
1995-99	4(3)	75%	18(15)	83%	13(11)	85%	9(7)	78%
2000-02	1(1)	100%	18(16)	89%	11(11)	100%	8(6)	75%
SUM	11(9)	82%	66(53)	80%	48(43)	90%	29(19)	66%

Vi ser at det er ikkje stor skilnad mellom kvinner og menn. Derimot er det ein markant skilnad mellom interne og eksterne. Dette er noko som vi kanskje bør sjå nærare på.

Den neste tabellen syner kor stor del av stipendiatane som har vore/er eksterne og kor stor del har vore/er kvinner.

	Stip. totalt	Eksterne	Kvinner
1981-84	5	0 0%	0 0%
1985-89	17	4 24%	1 6%
1990-94	19	8 42%	5 26%
1995-99	22	9 41%	4 18%
2000-02	19	6 42%	1 5%
2003	7	3 43%	1 14%
2004	8	4 50%	2 25%
2005	11	4 36%	3 27%
2006	11	3 27%	2 18%

Sidan tala er små gjer eit par stipendiatar frå eller til store prosentvise utslag.

Samla for perioden 1981-2006 er 36% eksterne. For perioden 2003-2006 er 38% eksterne.

Det er såleis ikkje grunnlag for å hevda at dei interne søkjarane har tapt i høve til dei eksterne i seinare år.

Det var 22% kvinner i 1990-99. I perioden 2000-03 var prosenten nede i 8%, for perioden 2004-06 har det auka att til 23%. Til samanlikning var berre 11 av 132 uteksaminerte masterar i perioden 2004-06 kvinner, dvs. berre 8%.